



Doble naust med maksimal arealbruk er kostnadsfektivt.

Det er kostnadseffektivt å byggja doble naust. Grunnflata aukar og ein sparer driftskostnader med ein vegg mindre å vedlikehalda i åra framover. Den største sparinga heng saman med grunnarbeidet, betong og sjølve bygginga. Alt dette arbeidet vert gjort i ein omgang når ein har maskinar og byggmeister på plassen.

Sambygg av naust i Uskedalen er populært for tid. På Stølavikjo har Byggmeister Monsen arbeidet med å reisa to naust i sambygg for eigarane Erlend Bjørnebøle og Knut Johannes Ripel. Sambygget erstattar det som var to eldre naust. Tett ved er det eit dobbelt naust, på tomta som høyrde til gardsbruket Leite på Myklebust. På Neset er det bygd tvillingnaust på tomta der det var ei gamal sjøbu.

Med ein ca. kostnad pr. naust på kr. 500.000,- kan ein rekna med ei sparing mellom kr. 50.000,- og kr. 100.000,-. Grunnflata er til vanleg rundt 40 rutemeter. Ved sambygg vinn kvar av partane eit areal på om lag 10 rutemeter. Framlegging av straum og vatn vert lagt i ei grøft. Det er to påkoplingar, to byggesøknader med kvar sine sine gebyr.



[Sambygg av naust på Neset i Uskedalen \(Arkivfoto frå juli 2019 \).](#)

Det er ikkje så mykje å spara på taket. Her må det inn renne og sløys. Gips i deleveggen dreg kostandene opp.

Jon Harald Kjærland på Byggesakskontoret i kommunen syner til vedtekne retningslinjer for bygging av naust, anten i regulert område eller der det ikkje føreligg reguleringsplan. Det er plankrav til naust i naustrekkje med meir enn fire naust. Mindre enn fire naust vert rekna som enkeltvedtak.

Naust vert definert som uthus for oppbevaring av båt, utstyr og fiskereiskapar. Arealet er brutto inntil 40 rutemeter, ein etasje med maks mønehøgde på 5 meter, rekna frå naustgolvet. Bygget skal vera tilpassa naustmiljøet rundt. Tradisjonell byggeskikk vert lagt til grunn med omsyn til farge- og materielaval. Det skal vera plass til allmenn ferdsle framom og bak naustet på 2 meter.

Dispensasjonssaker i strandsona og byggesøknader naust er lagt til Forvaltningskomiteen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Modell av tillingnaust med vekt på eksteriør og arkitektur.